

## (Ettersendt til naboar)

### Vedlegg 1

#### Søknad om løyve til oppføring av anneks/gjestehytte, mindre tiltak

Sjå vedlagte søknadsskjema, situasjonsplan og teikning. Fasade og tak i olja lerk.

Bygget skal vera til overnatting for gjestar og familie, med toalett og dusj. I opphaldsrom er det lagt opp til ein utslagsvask og bruk av vannkokar/kaffitraktar. Bygget skal ikkje brukast til permanent bustad. Ein av naboane har påpeika at nabovarselet inneholdt lite informasjon. Derfor får alle naboane tilsendt søknaden.

Andre spørsmål frå nabo:

Spørsmål	Svar
Kor mykje plass er det til brøytekanter mellom veg og husvegg?	Evt. brøytekanter ved bygg vil vera i min private innkjørsel og ikkje i veg
Kva er bebyggelsesplanen det er vist til?	Det er ei feilavkryssing, skal vera reguleringsplan
Skal det gravast i vegen?	Nei
Skal det bu folk i bygget på fast basis?	Nei
Skal det koblast til vatn/avløp?	Det blir det søkt om ja
Planeringshøgde?	Ca 25 cm frå høgste bakkepunkt etter avgraving ned til berg.

Sidan det er framkome spørsmål om nærleik til veg, legg eg ved dette biletet som viser plassering av nordaustleg hjørne på bygget (raud markør med to prikkar under), ved min innkjørsel. Det er god avstand til der nabo har sin ferdsel (innanfor mi tomtegrense). Høgre side av den stipla linja er min private innkjørsel, alt av kjørebane på biletet er på min tomt. Minste avstand frå ytterste hjørne til midten av veg er altså ca 3 meter, og det er ein veg på min eigen tomt. Den har ikkje allmenn ferdsel, men stoppar ved nabohus. Minste avstand til midten av veg med allmenn ferdsel er ca. 11 meter.

